

ÅRSMELDING 2023



Odda/Ullensvang Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



Innhold:

1. Organisasjonen
2. Medlemstal og utvikling
3. Dugnadstimar og dugnadsaktivitet
4. Møter, samlinger og arrangement
5. Kurs og utdanning
6. Turaktivitet
 - a) Turar for vaksne
 - b) Barnas Turlag
 - c) DNT Ung
 - d) Onsdagsgruppa
7. Frivillige
8. Gåver
9. Trimpoeng
10. Holmaskjer
11. Dagsturhytta
12. Økonomi
13. Valg

Odda/Ullensvang Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



1. Organisasjonen

Odda/Ullensvang Turlag er eit turlag for alle i kommunen vår. Me har fokus på turar og aktivitetar for folk i alle aldersgrupper og me har som mål og kunna tilby turar og aktivitetar rundtom i heile kommunen. Turlaget har som føremål å stimulera til auka aktivitet samt eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv både for lokalbefolkningen og for tilreisande turistar. Me har og som mål å gjennomføre turen sjølv om det er få påmeldte på dei turane dette er mulig i forhold til opplegg, kostnad ol. Turlaget er kun drifta på frivillig basis.

Odda Turlag vart stifta i 1982 og Ullensvang Turlag vart stifta i 1988. I 2001 slo laga seg saman og vart til Odda/Ullensvang Turlag.

Styret har i 2023 bestått av 7 medlemmer. Styret har ikkje hatt varamedlemmer.

STYRET I ODDA/ULLENSVANG TURLAG 2023	
Styreleiar	Torill Opedal Hauge
Nestleiar	Eva Grete Rafdal
Skrivar	Trond Seim
Styremedlem	Orinta Øiestad
Styremedlem	Liv With
Styremedlem	Håvard Reinsnos Apold
Styremedlem	Rolf Bøen

Økonomi og regnskap: Sara Lundal Tokheim (Ekstern)

Barnas Turlag: Eva Grete Rafdal og Orinta Øiestad, begge fra styret.

Onsdagsgruppa: Liv With fra styret, Solfrid Kvam og Kari Sørtveit fra Onsdagsgruppa

Stigruppa: Rolf Bøen fra styret og Olav Moldekleiv fra stigruppa

Tilsyn Holmaskjer: Håvard Reinsnos Apold, også medlem av styret.

Valgkomitèen:

Willy Solberg

Liv Helen Mårstig

Per Jarle Waulen

Hyttegruppe for ny sikringshytte på Holmaskjer:

Torill Opedal Hauge, Trond Seim, Håvard Reinsnos Apold, Aleksander Reinsnos Apold og Rolf Bøen

Anne Grethe Thiis Vestrheim og John Sigve Torbjørnsen valgte å trekke seg ut av hyttegruppa.

Styret sitt arbeid:

Styret har gjennomført 9 styremøter i 2023. Styremøtene har i hovedsak vert gjennomført fysisk på kontoret i Odda og på teams.

I året som har gått har me hatt stort fokus på turprogrammet og gjennomføring av dette, på sikkerhetsarbeid, kurs og kompetanseheving og på dei frivillige i laget. Me har jobba mykje med å få plass alt rundt ny sikringshytte på Holmaskjer, tilsyn med Dagsturhytta i Odda og fellesmøte. Ellers har det også vore mykje arbeid med nye nettsider og nytt aktivitetssystem og me har flytta inn i nytt lokale i Kremarvegen 3.

Styreleiar og nestleiar deltok digitalt på fellesmøte for alle lokallaga til Bergen og Hordaland Turlag 15 mars. Dei deltok også fysisk på Bergen og Hordaland Turlag sitt årsmøte 25 april. 4 representantar frå styret var med på fellesmøte for alle lokallaga 10-12 november på Lofthus som Odda/Ullensvang Turlag var ansvarleg for å arrangere. Det har også blitt ein del møter med kommunen i forhold til Dagsturhytta i Odda og ny sikringshytte på Holmakjer, DNT sentralt i forhold til nye nettsider og nytt aktivitetssystem, med BHT i forhold til ulike ting knytta til samarbeidsavtalen og innad i laget i forhold hyttegruppa og ulike ting som dukker opp under veis.

Me har hatt fokus på å bli meir digitale i turlaget og har starta arbeidet med å lagre dokumenter, referater ol. digitalt slik at det vert enklare å finne fram og lettare for neste styre og sette seg inn i ulike ting. Her har me tatt i bruk teams som plattform for lagring og katalogisering.

Me har og brukt mykje tid på å promotere turer og arrangementer i sosiale medier. Turlaget har Facebook-side, Instagram-side og eigen nettside. Me er blitt synlige der ute og får med oss mange på turar og arrangementer.

For styreleiar har det gått veldig mykje tid med til arbeid rundt nye nettsider og nytt aktivitetssystem.

Me har ikkje trykt opp turprogram i år. Turane har kun lagt ute på nett og blitt promotert i sosiale medier. Trykking av turprogram er både dyrt og lite miljøvennlig.

2. Medlemstal og utvikling

Etter ein nedgang i antall medlemmer i forbindelse med pandemien ser me no at tallene går opp og me hadde ved årsskifte 756 registrerte medlemmer i OUT. Dette tilsvarer 6,8% av befolkningen i Ullensvang kommune.

Totaloversikt Odda/Ullensvang Turlag	
Årstall	Medlemsutvikling i Odda-Ullensvang Turlag
	2006 720
	2007 686
	2008 663
	2009 664
	2010 693
	2011 683
	2012 659
	2013 675
	2014 718
	2015 782
	2016 841
	2017 830
	2018 843
	2019 860
	2020 738
	2021 699
	2022 704
	2023 756
Økning siste år	Økning i %
52	7,4
Økning siste 5 år	
-87	-10,5
Økning totalt	
36	5,0
Antall innbyggere pr 3. kvartal 2023:	11 126
Medlemmer siste år;	756
Medlemmer/Innbyggere	6,8%

Medlemsutvikling i Odda-Ullensvang Turlag

År	Medlemmer
2006	720
2007	686
2008	663
2009	664
2010	693
2011	683
2012	659
2013	675
2014	718
2015	782
2016	841
2017	830
2018	843
2019	860
2020	738
2021	699
2022	704
2023	756

3. Dugnadstimer og dugnadsaktivitet

Det har vore stor dugnadsånd i turlaget i året som gjekk og heile 2686 registrerte dugnadstimer har våre frivillige lagt ned i ulike prosjekter, turar, dugnader, arrangement, styrearbeid osv...

a) Stigruppa:

Stigruppa har gjort ein fantastisk innsats også i år. Heile 1014 arbeidstimer har dei lagt ned i 2023

Stigruppa består av 10 medlemmer som har fast møtedag ein gong i veka. Frammøte er svært bra, som regel er dei mellom 8-10 frammøtte. Sesongen er heile året, med avbrudd i gode pauser innimellom.

Året 2023 har vore eit normalt travelt år for Stigruppa.

Hovden: Det begynte med Hovden 31.1.23 kor Ullensvang kommune ville ha bistand til rydding, felling og trepleie. Her heldt dei på ein månad. Resultatet vart svært synleg, til glede for alle som nyttar seg av området. Det var overraskende stor aktivitet med barnehageborn og svært mange turgåere heile tida.

Egnehjem: Ein av Innfallsportene til Folgefonna i Ullensvang kommune. Området ved parkeringsplassen trengte sårt ein oppgradering og opprydning. Her vart det rydda og graset vart klypt. Det vart støypt ein sokkel til eksisterende og nye skilt. Nasjonalparkstyret hadde eit skilt som vart montert. Vidare stod stigruppa for planlegging av eit nytt skilt som vart laget på trykkeriet i Odda. Skiltet er informasjon om turen, stien og hytta på Holmaskjer med eit godt kart. Skiltet vart montert. Fire store dobbel benkar vart pussa opp og malt i same grønfarge som Odda/Ullensvang turlag nyttar på skilta sine. Etter påtrykk frå stigruppa (Olav Moldekleiv) opna kommunen toalettanlegget og plasserte ut bos spann som vert tømt ein gong i veka. Resultatet vart ein innbydande parkeringsplass/innfallsport til Folgefonna. Uansett føremål så har plassen vært svært mykje brukt av både fastbuande og turistar i etterkant. Arbeidet vart utført i april/mai.

Stien til Eidesnuten: Dette er ein sti Stigruppa har gitt oppmerksomhet over fleire år. Det er skilting, rydding og bygging av to bruer på toppen. No stod det eit vanskelig parti att på det brattaste før ein kjem til Fossen. Her vart det bære opp mengder med spesiallagde stolper i stål og ca. 100 m vaier. Stolpane vart bora på plass og det ble strekt vaier med plastbelegg mellom slik at turfolket har noko å halde seg i på det vanskelige partiet. Samtidig er det også bora inn stigtrinn fleire plasser. Stigruppa har fått inn mange gode tilbakemeldinger på tiltaket. Arbeidet ble avsluttet i juni.

Kristin stien: I september bisto Stigruppa med fjerning av Kristin stien. Stigruppa stroppa all planken og gjorde klart for helikoptertransport. Litt seinare var vi på plass og festa hivene til helikoptertransporten.

Åsen barnehage: Stigruppa har tidligere bistått Ullensvang med arbeid her. Dei fekk spørsmål om dei kunne bistå med å laga ein lavvo plattform i tre og en bålplass. Barnehagen tek mål på seg for å være ein naturbarnehage. Stigruppa, full av besteforeldre var ikkje vanskelige å be. Dette vart arbeidsplassen deira i 10 veker og borna ropa etter kvart på dei med fornavn. Her vart det snekra ein plattform på 50 kvadratmeter som fundament til ein skikkelig stor lavvo. Ved sidan av vart det sett opp ein bålplass med tak til å sitte tørt. Stigruppa ordnet også eit arrangement med bålpanne. Stigruppa er fornøyd med resultatet i Åsen barnehage og er invitert på offisiell åpning seinare.

Stien til Holmaskjer: Stigruppa startet eit prosjekt med planlegging for ny merking/skilting frå parkeringsplassen på Egnehjem og opp til hytta på Holmaskjer. Planleggingen starta hausten 2022 og våren 2023. Det er mange ting som skal takast hensyn til. Ting som skilttype, navn på skiltet, retningspiler kor skal det plasserast, privat område, verneområde, grunneigars tillatelse m.m. 15.9 2023 var alt klart, helikopteret ventet og me tok av i nydeleg vær og landa nord for den øverste sikringsbua. Her vart det montert skilt til Holmaskjer og ut til Tokheimsnuten. Samtidig ble begge sikringsbuene malt. På turen ned att vart stien rydda for trær og buskar.

b) Anna dugnadsaktivitet:

- 1) Fjerning av Kristinsti
- 2) Dugnad/nedvask på Holmaskjer
- 3) Fellesmøte
- 4) Turar, kurs og arrangementer
- 5) Styrearbeid

4. Møter, samlinger og arrangement

Me har hatt 6 ulike møter og arrangementer i løpet av året. Fleire kjekke foredrag, KDU dager både vinter og høst samt fellesmøte for alle Turlaga som ligg under Bergen og Hordaland Turlag.

- ❖ 25 januar hadde me Turdrøs på Sentralbadet der Andre Marton Pedersen fra BHT holdt foredrag og viste bilder og film fra turen sin med Statsraad Lehmkuhl. Ca 30 stk møtte og fekk med seg dette. Torill Opedal Hauge og Willy Solberg stilte fra OUT.
- ❖ 5 februar arrangerte me Kom Deg Ut dagen på Korlevoll. Ca 200-250 stk blei med oss på aking, skileik, grilling, natursti og valpekos. Trolltunga Adventures hadde valpekos for oss og det var svært populært. Sara Tokheim, Willy Solberg, Bergey Oladottir, Jorunn Kvåle, Liv Helen Mårstig og Per Jarle Waulen stilte fra OUT.
- ❖ 25 februar blei det holdt årsmøte. Her gikk me gjennom vanlige årsmøtesaker som årsmelding, regnskap og valg av nytt styre og valgkomité. Det vart trekking av premier i forhold til OUT-Trimmen også hadde AK Gluck-Teigland eit flott foredrag med bilder og film fra turen sin til Sydpolen. Ca 50 stk møtte.

- ❖ 3 september gjekk haustens Kom Deg Ut dag av stabelen og me hadde arrangement på Basen i Eidesåsen. Ca 55 stk møtte. Her var det grilling og ulike aktiviteter som freesbegolf, skyting, leik og morro. Turbo tok sjølvsagt turen innom og det var ikkje så verst vær når ein først var komt ut. Anita Narheim og Jorunn Kvåle samt andre frivillige sto for gjennomføring av arrangementet.



- ❖ 14 september tok Alexander Read turen til oss i kinosalen i Odda. Ca 130-140 personer fekk eit fantastisk foredrag og masse TURMAGI fra turene han og dottera Mina har hatt. Vi trekte premier på inngangsbilletten. Eva Grete Rafdal har stått for planlegging og gjennomføring.

- ❖ 10-12 november var OUT arrangør av fellesmøte for alle turlag som ligg under BHT samt hovedstyret og ansatte i BHT. Generalsekretær Dag Terje Klarp Solvang tok også turen og vart med. Møtet vart holdt på Hotell Ullensvang kor også alle budde. Fredagen var det styreleiarssamling og pizza på Ekspedisjonen for dei som ikkje er styreleiarar. Lørdagen var det møte før det vart lunsj og sidervandring. Vidare var det møte igjen før vi avslutta med festmiddag og dans på Krossvoll. Søndagen var det møte før vi gjekk til dagsturhytta på Lofthus som avslutning. 70 personar frå ulike turlag i Vestland fylke var med på fellesmøte. Eva Grete Rafdal, Orinta Øiestad og Torill Opedal Hauge har i hovedsak stått for planlegging og gjennomføring. Her har me også hatt med mange frivillige fra Onsdagsgruppa til servering og rydding. Johannes sekse var konfransier og Kristin Kristiansen bidrog med rigging, rydding og vasking av Krossvoll. Eva Grete, Trond, Rolf og Torill deltok på sjølve møte.



5. Kurs og utdanning

Me har hatt stort fokus på utdanning av turleiarar og kompetanseheving i året som gjekk. Me har no 17 reisterte personer med Nærturleiar kurs, me har ganske mange personar med Grunnleggande turleiar kurs, 3 personar med Sommerturleiar kurs og 1 person med Vinterturleiar kurs. Alle er dessverre ikkje aktive av dei som er registrert.

I året som gjekk hadde me 4 ulike kurs på programmet. Kun eit vart avlyst på grunn av for få påmeldte.

- ❖ 12 januar arrangerte me Nærturleiar kurs på Sentralbadet i Odda og me fekk 17 nye nærturleiarar i alle aldersgrupper. Kurset gjekk over 4 timer. Torill Opedal Hauge og Eva Grete Rafdal var kurshaldarar. Nærturleiarar kan være turleiar på korte turar i nærrområde der folk bur. Nærturleiar kurs er i hovedsak for turleiarar i Barnas Turlag og Onsdagsgruppa.

- ❖ 7 mars hadde me 4 timers fyrstehjelpskurs på Røde Korshuset i Odda med 12 deltakarar. Kurset hadde fokus på fyrstehjelp på tur. Trond Seim var kurshaldar.

- ❖ 17-19 mars arrangerte me Grunnleggande turleiar kurs i Kinsarvik. Her deltok både frivillige frå Odda/Ullensvang Turlag og frå nystarta Eidfjord Turlag. Totalt var det 11 deltakarar. 6 frå OUT og 5 frå Eidfjord. Kurshaldarane var Linn Kristin Eidsvik og Ole Omar Larsen frå BHT. Eit supert og eit godt tilrettelagt kurs og alle deltakarar besto. Grunnleggande turleiarar kan i hovedsak ha dagsturer i område kor turleiar er kjend.



- ❖ Den eine av dei som tok Grunnleggjande Turleiar kurs i Kinsarvik kasta seg ut i det og meldte seg på Sommerturleiar kurs hos Bømlø og Stord og Fitjar turlag. Turleiar kurset gjekk over to helger, ei i mars og ei oktober. Han deltok også på BHT sitt 16 timers fyrstehjelpskurs som er eit krav ein må oppfylje for å være Sommerturleiar og har no meldt seg på vinterturleder kurs
- ❖ Det planlagte kart og kompasskurset 30 september til 1 oktober vart dessverre avlyst då det berre var 3 påmeldte.

6. Turaktivitet

A) Turar for vaksne

Me har hatt mykje turar og aktivitetar for vaksne i året som gjekk og det er veldig kjekt og sjå at turane me set opp er veldig populære og mange av dei med lange ventelister. I året som gjekk hadde me 10 turar for vaksne utanom onsdagsturane. Kun 1 turar vart avlyst grunna ingen påmeldte.



❖ 25 og 26 mars gjekk Dronningstien Vinter med husky og truger av stabelen. I utgangspunktet var det berre tenkt ein dag, men turen vart så populær at me sette opp ekstra tur slik at det vart to dagsturar, ein lørdagen og ein søndagen med ulike deltakarar. Av mangel på vinterturleiarar i laget leigde me her inn Trolltunga Adventures som stod for både guiding, utstyr, hundar og mat på turen. Dette er eit samarbeid som har vist seg å fungere særers bra og me har hatt dei inne på fleire av våre turar og arrangement dette året. Turen gjekk frå Røte til Duk med retur samme veg. Me har fått veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarane på denne turen og mange håpar me set oppatt turen til neste år. I hovudsak tilreisande deltakarar, men nokon lokale var og med. OUT hadde to turleiarar med eine dagen og ein turlag andre dagen. Totalt var 22 deltakarar med på tur desse to dagane. Turleiarane frå OUT var Annette Horne, Eva Grete Rafdal og Anita Haugland

❖ Trugeturen til Oksen 1 april vart dessverre avlyst då det ikkje var nokon påmeldte.

❖ 1-5 april arrangerte me Påsketuren på Hardangervidda. Ein fantastisk tur med veldig fornøyde deltakarar. Turen gjekk får Dyranut til Kinsarvik via Sandhaug, Litlos, Hadlaskard, Stavali og Dronningstien i nydelig vær. Her var me så heldige at Johnny Ytreland frå BHT og Maren Amanda Torkildsen frå Vaksdal turlag tok på seg oppgåva som turleiar. Dei var veldig fornøyd med tilrettelegginga, planlegginga og oppfølginga me hadde og dette med å låne turleiarar frå andre fungerte særers bra. Deltakarane meldte seg på mykje fordi turen skulle gå heilt vest på Hardangervidda. Det var lange venteliste på turen og me kunne egentlig hatt to fulle turer. Det var 12 deltakarar, kun tilreisande og ingen lokale.



❖ 17 april var det duka for ein flott ettermiddagstur til Gullbergnotten i Jondal. Ein flott vartur i Gullbergnotten naturreservat med 11 deltakere og to nyutdanna turleiarar som besto oppgåva med glans. Lars Ask og Suzana Beatrice Heisler var turleiar på denne turen.



❖ 22-23 april gjekk turen til Holmaskjer. Vårskituren på Folgefonna har alltid vore ein populær tur og denne gongen var heller ingen unntak. 9 deltakarar og to turleiarar tok turen frå Markjelke til Holmaskjer med retur samme veg. Kjekt at me kan bruke eigen hytte og nærområde vårt. Det vart ein nydelig tur med fantastisk vær og nydelig solnedgang lørdagen og ein litt meir grå dag med lite sikt søndagen. Håvard Reinsnos Apold og John Graue var turleiarar på denne turen.

❖ 15 juni vart det ein ny ettermiddagstur i Jondal. Dennegongen gjekk turen til Vikanuten 1097 moh. Her det nydelig utsikt over Hardangerfjorden, Kvinnherad, Tørvikebygd og Norheimsund. Flott og bratt tur. Det var 2 deltakarar med på turen og to turleiarar. Lars Ask og Suzana Beatrice Heisler var turleiarar på denne turen.

❖ 24-25 juni hadde me rundtur frå Kinsarvik opp Husedalen til Stavali og ned Dronningstien til Kinsarvik. Turen gjekk i forbindelse med Sommaråpning på Stavali kor det vart servert Rømmegraut, spekemat, kaffi og kake. Det var quiz og god stemning på hytta. Denne rundturen er kanskje den flottaste 2 dagersturen ein kan gå her på vestlandet, men fossar, panoramautsikt og nydelig natur. Me fekk ein liten utfordring har då turleiaren som i utgangspunktet skulle ha turen måtte trekke seg, men Maren Amanda Torkildsen frå Vaksdal turlag stilte nok ein gong opp for oss og tok oppgåva på strak arm sammen med ein av våre egne turleiarar. Det var 15 deltakarar på denne turen. Dei fleste var tilreisande folk.



❖ 3-6 august gjekk Haustturen på Hardangervidda av stabelen. 14 deltakarar og 2 turleiarar møtte opp i Husedalen kor alle parkerte. Vidare vart dei frakta med shuttlebus til Hjølmo. Herfra gjekk turen inn Veigdalen til den sjølvbetjente hytta Hadlaskard kor dei overnatta fyrste natta på turen. Dagen etter gjekk me til den sjølvbetjente hytta Torehytten. På vegen var heile 10 stk fra turfølget opp på Hårteigen. Dag 3 gjekk turen til den delbetjente hytta Stavali kor servert middag, dessert og frokost venta og på dag 4 gjekk turen ned fantastiske Husedalen til Kinsarvik. Johnny Ytreland frå BHT som og var turleiar på Påsketuren stilte nok ein gong opp for oss og med seg hadde han Lars Ask som i år har tatt sommarturlederkurs.

- ❖ 9-10 september hadde vi ein flott tur til Trolltunga med overnatting. Nok ein gong hadde vi eit særs vellykka samarbeid med Trolltunga Adventures. 22 deltakere blei med oss på denne spektakulære overnattingsturen og det var laaaang venteliste. Turen starta fra Odda sentrum kor vi vart frakta til P3 i Skjeggedal. Videre gjekk turen innover mot Trolltunga og Preikestolen til campen til Trolltunga Adventures kor vi overnatta i telt og fekk servert middag med fantastisk utsikt. Eit flott opplegg der deltakarane kun treng å ha med egne personlege ting i sekken. Telt, sovepose, liggeunderlag, mat og snacks er inkludert i turen og det gjere at turen blir heilt unik. Eva Grete Rafdal og Anita Haugland var turleiarar frå OUT i tillegg til guidene frå Trolltunga Adventures.



- ❖ 16-17 september gjekk siste turen frå årets fellesturer av stabelen. Turistvegen over Folgefonna fra Odda til Sunndal med breføring er ein populær tur. Det enda med 11 deltakarar og 2 turleiarar etter nokon avbestillingar i siste liten mest grunna værmeldingane. Dei som meldte seg av kan angre for være blei jo kjempe flott. Litt regn lørdagen oppover Tokheimslia, men så vart det ein nydelig solnedgang på Holmaskjer og fantastisk vær søndagen over breen og ned til Sunndal. Folgefonna Breførarlag tok oss over breen og Håvard Reinsnos Apold og Amalie Tungesvik var turleiarar frå OUT.

B) Barnas Turlag

Barnas turlag har hatt fleire kjekke turar og arrangementer på programmet i år. Valpekos med Trolltunga Adventures, søndags klatring, kveldsmatturer og KDU dager. Dessverre så har det ikkje vore like stor aktivitet i gruppa i år som tidligare og me ser det er vanskelig å rekrutere nye engasjerte personer med barn i denne aldersgruppa. Dei som har vore med tidligare har no så store barn at det blir naturleg å avslutte sitt engasjement i Barnas Turlag, men me håper jo då dei kanskje vil gå over og bidra vidare innover i DNT UNG.

- ❖ 8 januar arrangerte me Valpekos i samarbeid med Trolltunga Adventures i Hovden i Odda. Det var påmelding på arrangementet og 16 barn pluss foreldre koste seg ute med alle valpene. Me grilla og hadde ein fin dag ute. Eva Grete var ansvarlig for arrangementet.
- ❖ 15 januar, 29 januar, 26 februar og 19 mars arrangerte me Søndagsklatring i Tyssohallen. Veldig kjekk aktivitet med til sammen rundt 100 påmeldte barn i tillegg til foreldre. Sara Tokheim var ansvarlig for planlegging og gjennomføring i samarbeid med fleire frivillige som har brattkort. Bergey, Anita H, Anita N, Jason, Beate, Frode, Annette, Ingebjørg og Sigbjørn har alle vore med som frivillige med sikring av barna.
- ❖ Skyting, leik og kos i gapahuken i Skare vart dessverre avlyst på grunn av for få påmeldte.
- ❖ 3 mai vart det arrangert Kveldsmattur med russetreff og orientering i Hovden i Odda. Ca 70-80 stk blei med på dette populære arrangementet. Veldig kjekt å samarbeide med russen og med orienteringsgruppa. Eva Grete sto for opplegg og gjennomføring.
- ❖ 7 mai var det kinopremiere på filmen Birk og Magna og i den forbindelse vart Barnas Turlag bedt om å ha aktiviteter i sentrum. Ca 30-40 barn blei med og Eva Grete sto for planlegging og Annette Horne og Jorunn Kvåle sto for gjennomføring.
- ❖ 8 juni var det åpning av Dagsturhytta Ragdebu i Odda. Barnas Turlag arrangerte tur opp fra sentrum. Ordføreren var med og jammen kom jo Turbo og. Orianta og Jorunn sto for planlegging og gjennomføring.



C) DNT UNG

DNT UNG gruppa i Odda/Ullensvang Turlag har ikkje vore aktiv i året som gjekk. Me ser det er vanskelig å nå ungdommen noko som gjeld i alle lag og organisasjonar. Me vil jobbe meir med dette framover og tek gjerne i mot idear og engasjert ungdom som har lyst til å bidra med å halde liv i gruppa. Me hadde ein tur på programmet i år, men denne vart dessverre avlyst. Me håpar at personar som har vore aktive i barnas turlag og no har så store barn at det blir naturleg å gå vidare over til DNT UNG ønsker å bidra her.

- ❖ Den planlagte brevandringa på Juklavassbreen 16 september vart dessverre avlyst på grunn av at det ikkje var nokon påmeldt.

D) Onsdagsgruppa

Onsdagsgruppa har hatt mange kjekke og fine turar i stort sett alle kantar av kommunen i året som har gått. I 2023 vart det gjennomført 4 vårturar og 5 haustturar. Nytt av året er at turane til onsdagsgruppa også har ligge ute på nettsida uten påmelding. Dette har blitt veldig godt mottatt. Liv With, Solfrid Åsta Kvam og Kari Sørtveit er kontaktpersonar for onsdagsgruppa.

Til saman har 221 personar gått på tur med Onsdagsgruppa, mot 331 personar i 2022. Det var 4 turar med opplett og til dels fint vær, 5 turar med regn og regnbyger og 1 tur vart avlyst i sin heilhet på grunn av ekstremt dårlig vær. Det er ferre som deltek, når det regner og er svært vått i terrenget og i år har vel ikkje akkurat været vore på vår side. På siste turen i haust markerte vi årsavslutning med eit godt måltid på Hardanger House i Jondal.

Medlemmer frå Onsdagsgruppa har hjelpt til på fylgjande arrangement:

- 5 personar hjelpte til på pensjonistforbundet si markering av Verdas Aktivitetsdag.
- 2 personar hjelpte til på Komdeg ut dagen i haust.
- 6 personar hjelpte til med servering under festmiddagen på OUT/BHT sitt fellesmøte på Lofthus.

Onsdagsgruppa har fått midlar på 10 000 kr frå Aktiv til 100 og 10 000 kr frå den kulturelle spaserstokken.

Turane til Onsdagsgruppa 2023:

- ❖ 26 april gjekk årets fyrste onsdagstur til Dagsturhytta i Odda. Eigentleg skulle me på blåtur til Kvinnherad men på grunn av mykje snø fortsatt så vart det Dagsturhytta i Odda i staden. 31 frammøtte og Olav Moldekleiv var turleiar.
- ❖ 10 mai vart det onsdagstur frå Sandvin til Strand i Odda. 11 frammøtte og Gudrun Eimstad var turleiar
- ❖ 24 mai tok 34 frammøtte turen frå Herand til Fodnastøl og Vidalsvatnet i Jondal. Margreta Sandvin Eiken var turleiar.
- ❖ 7 juni gjekk turen til DNT turistmerket i Tyssedal via Lonarheim, Svelgberghaug og vidare til Smiåsen. 21 frammøtte og Gunnar Leivestad var turleiar.
- ❖ 21 juni gjekk turen til Aga, Agastøl og Sjonarhaug på vestsida av fjorden. 21 frammøtte og Åse Liv Førde var turleiar.
- ❖ 9 august skulle turen gått frå Løyning til Skrøyvo men denne vart avlyst på grunn av forferdelig vær og værmelding.
- ❖ 23 august vart det tur i Røldalsbygda. Eigentleg skulle turen gått til Austmannatjørn, men på grunn av været nok ein gong måtte me legge om ruta. Me åt nista vår nede ved Røldakvatnet. 22 frammøtte og Randi Legård var turleiar.



- ❖ 6 september gjekk turen til Bergstøstølen på Vintertun. 31 fram møtte og Marta Espeland var turleiar.
- ❖ 20 september gjekk me frå Urheim til Feisdalmellom Lofthus og Kinsarvik. Trass været var det 15 fram møtte og Bjørg Nedrevåg var turleiar.
- ❖ 4 oktober avslutta me onsdagsturane for i år. 35 turglade pensjonister tok turen frå Jondal Sentrum til Dagsturhytta på Teghaug og returnerte langs elvestien og avslutta turen med mat på Hardanger House.



7. Frivillige

I året som har gått har vi hatt stort fokus på dei frivillige og har hatt ulike samlingar, planleggingsmøter, kurs osv. Me ser då at engasjementet blir større og at ein får ein fin og god stemning i gruppa. Målet er å skape eit miljø for våre frivillige slik at ein har ein sosial arena kor ein kan dele erfaringer og få den kompetansen ein treng.

- ❖ 19 januar hadde vi middag for Stigruppa på Buer. Stigruppa blei tildelt Ullensvang Kommune sin frivillighetspris hausten 2022 og vi ønska og sette pris på deira arbeid og hedre dei for frivilligprisen med middag for heile stigruppa på Buer restaurant sammen med styret.
- ❖ 10-12 mars hadde vi samling for frivillige m/familie i Barnas Turlag på Hallingskeid turisthytte. 22 stk små og store vart med ei kjempe koselig helg der vi aka, sto på ski, laga felles mat og planla aktiviteter for Barnas Turlag. Eva Grete Rafdal sto for planlegging og gjennomføring av turen.
- ❖ 13 april hadde vi frivilligsamling hos Hardanger Eventyr på Eikhamrane. 21 stk var med. Vi hadde øksekastkonkurransen, vi fekk servert betasuppe og gulrotkake i lavvoen og vi hadde ein faglig bit med litt informasjon også fikk vi en del ønsker om turer folk ønsker at vi setter opp, Turer dei sjølv kunne tenke seg å ha og litt om korleis vi kan blåse liv i DNT Ung gruppa.
- ❖ 28 November hadde vi Turledersamling på gamle Iris der vi planla turprogram for 2024 og hadde litt faglig ang sikkerhet, turbeskrivelser, risikovurderinger ol. Enkel servering. 17 stk var me

8. Gåver

I løpet av året har Odda/Ullensvang Turlag mottatt ein del midler og gåver frå ulike aktører. Noko me set stor pris og som gjer at vi kan ha aktivitet i laget, ta vare på hytta vår på Holmaskjer, sende folk på ulike kurs og kjøpe inn nødvendig utstyr som vi treng til å utøve aktiviteten

Vi har mottatt gåver og midler frå:

- ❖ Den kulturelle spasersokken – 10 000 kr
- ❖ Aktiv til 100 – 10 000 kr
- ❖ Kvinnherad stiftelsen – 85 000 kr
- ❖ Sparebank stiftinga Hardanger – 250 000 kr (øyremerka Ny sikringshytte på Holmaskjer)
- ❖ Erling Bjørstadstiftelsen – 40 000 kr (øyremerka fjellsportaktiviteter)
- ❖ Frifond midler – 60 000kr
- ❖ Kom Deg Ut midler Høst – 11 000 kr
- ❖ Kom deg ut midler Vinter – 17 669 kr



Vi fekk forespørsel frå UNIL AS, ein av sponsorane og samarbeidspartnarane til DNT om å guide ei gruppe på Dronningstien 7 juni. Det var mykje snø og dårlige forhold for fottur på Dronningstien, så turen gjekk i staden opp Husedalen i eit fantastisk vær med flomstore fossar til begeistring for oppdragsgjevar. Torill og Eva Grete guida gjengen opp til Søtefossen og nedatt. For oppdraget fekk me den nette sum av 20 850 kr.



9. Trimpoeng

Det starta bra med at fleire etterlyste trimpoengappen ved nytt år og vi heiv oss rundt og fekk den opp og gå.

I år har 174 deltatt mot 243 deltakere i fjor. Ein liten nedgang antall deltagere her. Me har hatt 178 turmål i appen i 2023 mot 140 turmål i 2022 og det er registrert 39928 innsjekkingar i appen i 2023 mot 54000 i 2022.

Premie for deltagelse vert trekt på årsmøte. Me har valgt å trekke blant alle deltagarar i staden for å premiere 1,2 og 3 plass i dei ulike gruppene slik at alle har ein sjangse til å få premie.

10. Hytta vår på Holmaskjer A) Holmaskjer

I året som gjekk fekk vi pålegg etter branntilsyn om å utbedre pipe, ovn og brannmur på Holmaskjer. Dette arbeidet vart gjort i haust og hadde ei kostnadsramme på rundt 150 000 kr inkludert helikoptertransport. Dette er pengar vi har måtta ta frå eigen lomme då dette var kostnader som ikkje har vore medrekna i søknadsprosesser i og med at vi ikkje var klar over at det sto

så dårlig til og vi var nødt til utbedre det omgående slik at folk kunne benytte seg av tilbudet på Holmaskjer. Dette er jo og eit veldig væravhengig og sesongavhengig arbeid. Lyngstad Bygg sto for arbeidet og scanna samtidig grunnen og gjorde forarbeider i forbindelser med ny sikringshytte. I forbindelse med dette arbeidet vart det og arrangert dugnad for nedvask av hytta, bytte av sengetøy osv.....

Håvard Reinsnos Apold har hatt tilsynet med Holmaskjer i fleire år og får på plass nødvendig utstyr som gass, ved, mat, sengetøy, tømmer safe osv.... Han bruker eiegn snøscooter vinterstid og får dekk drivstoff til dette arbeidet.

Besøk:

OUT har hatt to fellesturar til Holmaskjer i 2023. Ein vårskitur og ein tur på Turiststien over Folgefonna frå Odde til Sunndal med breføring frå Holmaskjer til Fonnabu.


Det har vert 138 betalende gjester på Homaskjer i 2023 kontra 141 betalende gjester i 2022. Besøkstalet ligg med andre ord ganske stabilt.






B) Ny sikringshytte

Styret har starta arbeidet med å etablere sikringsbu tilknytta hytta på Homaskjer. Prosjektet har ei økonomisk ramme på rundt 4,5 millionar kr. Me er avhengig av ein betydelig del midlar frå eksterne bidragsytarar. Søknadsprosessen er starta og me har fått 250 000 kr frå Sparebankstiftinga Hardanger som er øyremerka sikringsbu.

Så langt er vi komme i prosessen:

Lyngstad Bygg har stått for scanning av grunnen under snøen og dei har teikna eit forslag til hytte. Dei har bistått i møter med kommunen. Forarbeider med scanning og teikning av hytta har kosta 40 505 kr. Me har hatt ulike møter med kommune og Nasjonalparkforvaltar i fleire omgangar og byggesøknad er sendt kommunen og Nasjonalparkforvalteren for behandling, så no er det berre å vente på svar og jobbe vidare med å skaffe pengar til prosjektet.





11. Dagsturhytta

Odda/Ullensvang Turlag har påtatt seg tilsynet med dagsturhytta i Odda mot ein sum frå kommunen på 50 000kr pr år. I første omgang er det eit prøveår for å sjå korleis det går, med tanke på at hytta ligg veldig sentrumsnært. Det var litt utfordringar i starten men dette har løyst seg og ordningen ser ut til å fungere bra. Det er mange frivillige med her som har kvar si veke med tilsyn og jo fleire som bidrar jo ferre gonger vert det på kvar. Orinta har ansvaret for organisering av dei frivillige og organiserer med nødvendig utstyr. Ho er kontaktperson opp mot kommunen og for dei frivillige. Styre skal i løpet av våren ta stilling til om ein skal fortsette å ha tilsynet for dagsturhytta.

Til åpninga av Dagsturhytta hadde vi tur opp og Turbo var med når ordføreren klypte snora.

12. Økonomi

Styret har valgt å bruke ein god del pengar frå egne midler i 2023. Vi bestemte oss tidlig for å bruke av egne midler for å gi noe tilbake til både medlemmer og frivillige, for å auke aktiviteten i laget og for å i møtegå DNT sine krav til kompetanse blant turleiarar ved å sende folk på kurs å ta denne denne utgiften sjølv. Vi meiner og at det å være frivillig skal være gratis og ein skal ikkje ha utgifter verken i form av kjøring til styremøter, til aktiviteter ein skal ha eller om ein må delta på andre møter i regi av turlaget. Dette er noko som burde vore gjort for lenge siden. Vi har dekkja kurs og kompetanse for frivillige. Vi har bytta lokalet slik at vi slepp å leige til alt me foretar oss av kurs, sosiale happeninger, møter osv i framtida i tillegg til at vi har hatt ein del ufortutsette utgifter som vi ikkje har vist om og som vi derfor heller ikkje har søkt midler til. Vi går derfor med eit ganske stort underskudd på 391 883 kr i 2023 uten at det veldig stor dramatik i det. Laget har fortsatt godt med pengar i banken, men ein kan sjølv sagt ikkje gå med eit slikt underskudd kvart år. Vidare kjem eg litt innpå kva som har vore dei største utgiftspostane.

Vi har hatt stor fokus på dei frivillige for å auke aktiviteten i laget slik at ein igjen får eit bedre tilbud ut til medlemmene. Her har vi hatt ulike frivilligsamlingar, middag på Buer for å hedre Stigruppa med komunens frivilligpris, ulike møter, fokus på turprogrammet osv... Dette har vi lukkast med og vi ser det både på antall aktive turleiarar og vi ser det igjen i form at fleire melder seg på våre turar og arrangement. Dei fleste av turane og arrangementa me har hatt i 2023 har vore fullteikna med lange ventelister.

Vi har flytta til nytt og større lokale i Kremmarvegen 3. Her vil vi kunne ha for eksempel årsmøte og andre arrangement, vi kan ha ulike kurs og møter og vi ynsker at det skal være ein arena kor dei frivillige kan nytte det til ulike føremål og sosiale happeninger. Då slepp vi å leige lokale av andre kvar gong me skal ha noko. Husleiga er litt høgare enn den vi hadde i Eitrheimsvegen 17 og er no på 4000 kr mot 2481 kr. Me har kjøpt inn bord og stolar samt prosjektor og litt ymse som me ser er behov for i lokalet om skal kunne bruke det til det ein ynskjer og dette har ei kostnadsramme på rundt 80 000 kr. Dette er pengar vi heller ikkje får noko støtte til i form av midler/gåver då det er vanskelig å få midler gjennom stiftingar og gåver frå bankar ol. til daglig drift av laget, så her måtte vi ta av eigen lomme.

Vi har starta på arbeidet med ny sikringshytte på Holmaskjer og har hatt Lyngstad Bygg til å tegne hytta, laserscane tomte og være med på forprosjektering, møter med kommunen osv. Dette har hatt ei kostnadsramme på rundt 45 000 kr.

Me har og hatt nokon ufortutsette utgifter.

Vi fekk pålegg frå branntilsynet om å bytte ut pipe, ovn og brannmur på Holmaskjer. Dette er eit fagarbeid ein ikkje kan ta på dugnad i sin heilhet og me måtte ha inn fagfolk. Lyngstad bygg gjorde jobben kjapt og effektivt. Av praktiske årsaker valgte me Lyngstad bygg då dei og kunne scane område der ein tenker at den nye sikringshytta skal stå og me fekk då slått to floger i ein smekk uten ekstra kostnad med helikopter osv. I tillegg hadde vi dugnadsfolk som vaska ned hytta etter at jobben var ferdig. Kostnadsramma for arbeid, nødvendig materiale, ny ovn og pipe vart på 140 971 kr pluss helikoptertransport, så total kostnadsramme ligg på mellom 150 og 160 000 kr.

Vi klarte dessverre ikkje å få til ei ordning med den eine grunneigaren ang Kristinsti på Løyning og vart nøyd til å fjerne tilrettelegging, skilting og merking på vedkommande sin eigedom. Dette vart ein dyr affære då ein vart nøyd til å ta i bruk helikopter for å få flytta på og ta bor materiale frå denne eigedomen. Her er vi dessverre ikkje heilt ferdige, så det må påreknast ein del til i helikopter før prosjektet er heilt ferdig.

13. Valg

Valgkomiteen har bestått av Willy Solberg, Per Jarle Waulen og Liv Helen Mårstig.

Styret i 2023 har bestått av følgende personer

- | | |
|---------------------------------------|---------------------------|
| - Torill Opedal Hauge – Styreleiar | På valg |
| - Eva Grete Rafdal – Nestleiar | På valg |
| - Orinta Øiestad – Styremedlem | På valg |
| - Rolf Bøen – Styremedlem | Ikkje på valg, 1 år igjen |
| - Liv With – Styremedlem | Ikkje på valg, 1 år igjen |
| - Trond Seim – Styremedlem | Ikkje på valg, 1 år igjen |
| - Håvard Reinsnos Apold – Styremedlem | Ikkje på valg, 1 år igjen |

Torill og Orinta tek ikkje gjenvalg og Eva Grete stiller til gjenvalg om ho kan velges for 1 år.

Valgkomiteen har følgende forslag til nytt styre:

- | | |
|--------------------------------------|--|
| - Håvard Reinsnos Apold – Styreleiar | Velges for 1 år |
| - Eva Grete Rafdal – Styremedlem | Velges for 1 år |
| - Trond Seim - Styremedlem | Velges for 2 år, bytter plass med Eva Grete. |
| - Rolf Bøen - Styremedlem | Ikkje på valg, har 1 år igjen |
| - Liv With – Styremedlem | Ikkje på valg, har 1 år igjen |
| - Torje Eriksen – Styremedlem | Velges for 2 år |
| - Anita Haugland – Styremedlem | Velges for 2 år |

*Etter ønske frå Eva Grete om å bli valgt for 1 år har Trond sagt seg villig til å utvide sin periode slik at han no sit for 2 år til.



Til slutt vil me takke for eit flott år, med mykje frivillig arbeid, mange kjekke turar og arrangement, mange turdeltagere og eit flott fellesmøte!